



Ostereidet Kro  
Oddvar Magne Hopsdal  
Eidavegen 532  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/27 - 16/18051

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
28.06.2016

## Pålegg om installering av større fettutskiljar ved Ostereidet Kro - Eidet Ytre

Teknisk drift syner til vårt brev av 26.04.2016 der vi ber Dykk om å setje i gong tiltak for å få på plass eit større utskiljaranlegg ved Ostereidet Kro. Det nye anlegget må være i samsvar med produksjon ved kroa og gjeldande forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune. Krav om igongsetting av tiltak vart gitt ut i frå års-, drifts- og vedlikehaldsrapport som kommunen har mottatt frå tømmeoperatør, samt registrert utviding av Ostereidet Kro.

### **Vedtak:**

Lindås kommune pålegger Ostereidet Kro om å installere større utskiljaranlegg. Anlegg som er installert ved kroa i dag, er i strid med gitte løyve datert 10.08.2006 og søknad frå røyrløysar motteke 03.07.2006. Anlegget er også i strid med forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune som politisk vedteke i kommunestyret 02.02.2006.

Teknisk drift har i brev, datert 26.04.2016, bedt Dykk om å setje i gong tiltak for å få på plass eit større anlegg ved kroa. Anlegget skal være i samsvar med produksjon ved kroa, samt gjeldande regelverk for Lindås kommune. Teknisk drift har, per dags dato, ikkje motteke dokumentasjon på at dette arbeidet er starta opp. Teknisk drift sett derfor ei frist for å få på plass større utskiljaranlegg ved Ostereidet Kro.

### **Frist for installering av anlegg vert sett til Tysdag 15.11.2016.**

Teknisk drift vil minner Dykk på at utskiljaranlegg skal være godkjent av Lindås kommune før dette vert installert og knytt til kommunalt leidningsnett. Vi ber Dykk om å ta kontakt med røyrløysar for å få sendt inn registreringsmelding for nytt anlegg. Med registreringsmeldinga skal det leggest ved berekningsgrunnlag for val av størrelse, situasjonskart som viser plassering av anlegg, samt generell informasjon om valde anlegg.

Vi gjer merksam på at dersom anlegg skal plasserast innvendig i rom, må ein kompensere for romtemperatur og avstand til kjøkken. Dette kan medføre at ein må gå opp i størrelse på anlegg. Teknisk drift



anbefaler at utskiljaranlegg vert plassert utvendig, under bakkenivå og med god avstand til kjøkken slik at at anlegg får god avkjøling.

*Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup – Tekniske og Administrative bestemmelser» og forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune at Teknisk drift pålegg Ostereidet Kro om å installere større fettutskiljaranlegg.*

**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Atle Dingen  
Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Guldbrandsøy Eiendom AS

Sandviksbodene 3 5035

BERGEN

**Mottakarar:**  
Ostereidet Kro

Eidavegen 532 5993

OSTEREIDET